

Saker foreldremøte SFO 02.09.25 kl. 17.30-18.00

Rammeplan for SFO

Det kom rammeplan for SFO i -21. Det skal vere eit arbeidsreiskap som skal bidra til ein likeverdig SFO av god kvalitet over heile landet. Der står mykje om kva SFO skal omhandle. Du finn den her [Rammeplan for SFO \(udir.no\)](https://udir.no)

Heimeside: På heimesida til skulen Vestbygd Skule - Nyheiter (minskole.no) kan ein gå inn på SFO si side. Der blir lagt ut årsplan, vedtekter og andre skriv. SFO legg og inn bilete og tekst frå hendingar på SFO, kun av dei har svart på om bilete kan vere på heimesida. Vi set aldri namn til bilete. Passordet for å gå inn på bilete på SFO-sida er OFS

Årsplan

Gå gjennom årsplan, vert sendt ut til alle. Rammeplanen seier no at alle SFO-ar skal ha ein årsplan og litt om kva den skal innehalde.

Foreldrerepresentant: Vi har vald å avvikle foreldrerepresentant, då kontakten kan gå via FAU representant i klassane.

Uteområde. Det er kjempestor overgang frå barnehage med gjerde rundt, til ein uteplass utan stengsler.

På SFO bruker vi 1+2 plass. 1-ar plass er sida ein kjem til frå parkeringsplassen der 1. kl har sin inngang og haugen med seglebane, 2-ar plass er sida med humpedisser, basketballbana og skogen. Vi har ikkje bemanning til å ha kontroll på større område.

SFO brukar fotballbana av og til, då saman med ein vaksen eller etter avtale med enkeltgrupper.

Borna er flinke til å halde seg på området.

Kl. 15.30 samlar vi alle borna på 1-ar plass for å ha oversikt.

Bemanning. Det er 16 born pr. vaksen etter vedtektene. Vi prøver å utnytte bemanninga slik at vi kan gjere kjekke ting med borna. Vi serverer mat 3 dagar for veka, brukar gymsal og legg til rette for leik og hobbyaktivitetar.

Vi har sending av born og oppdatering av lister. I hentesituasjon kan det til tider virke som det er lite vaksne. Det kan vere ein vaksen som må løyse opp i konflikhtar samstundes som ein annan sender born. Sørg alltid for at ein vaksen får med seg at du hentar. Vi har alltid ein vaksen som har sendeansvar og oversikt over kor borna er. Dei andre vaksne har gjerne spesielle oppgåver og har då ikkje oversikt over kvar ditt born er. Det er mange beskjeder og informasjon som må overførast dei vaksne imellom i løpet av SFO- tida. Nokon vaksne kjem frå timar i storskulen, og nokon skal kanskje gå. Nokon har vore på kjøkkenet eller i gymsal med grupper.

Klede: Vi har mange born. Det er avgrensa kva vi når over. Vi klarar ikkje å passe på at borna har dei plagg foreldra gjerne ynskjer dei skal ha under yttertøy. Vi passar på at alle har regntøy på når det regnar, om dei har med, og at dei stort sett går fornuftig kledd etter veret. Nokre born er varmblodige og nokre frys lett. Det er stor forskjell på kva foreldra meiner dei skal ha på seg. Du må sjølv snakke med ditt born om kva det skal ha på seg. Born som ikkje har med ytterklede etter veret, særst regntøy, skapar mykje ekstraarbeid for oss.

Alt yttertøy skal heim i helgene. Fint om de kan minna borna å setje sko opp på benken når dei går heim så reinhaldarane får gjort reint. Borna har liten garderobeplass på skulen, så pass på at det ikkje heng unødige ting.

Fint om foreldra til dei minste, kan kome innom og sjekke garderobeplassen ein dag for veka.

Visma føresettportal- meldingsteneste.

Beskjedar kan de no legge rett i Visma. Sjekk at de legg meldinga på rett dag. Når meldinga vert lest får de ei lesestadfesting. Det kan leggjast inn gjentakande beskjeder eller gjeldande for ein dag. Litt obs her.

Faste avtalar er å føretrekkje. Meldingar må seinast leggjast inn før kl 09 same dag for å sikre at dei blir lest. Dei som ikkje ynskjer å nytta meldingstenesta kan sender ein SMS melding til SFO mobilen 40907662.

Avtalar om å bli med heim til andre er fint om de kan gjere ein annan plass enn på SFO. Det er sårt for dei borna som ikkje blir bedt med heim. Ein del foreldre oppfattar det som stressande å bli møtt med spørsmål om nokon kan være med heim når dei kjem for å hente.

Borna som er ferdig på SFO eller ikkje går på SFO kan ikkje bruka skuleplassen før etter 16.30.

Hjelparar: Elevar frå 7.kl. skal etter haustferien få hjelpa til på SFO måndagar. Då er 2 stk. om gongen, 4 veker kvar, i utgangspunktet. Dette kan endrast om det er mange/få som vil vere hjelparar. Dei leiker med borna og hjelper til med forskjellige ting. Dette har vore veldig kjekt for borna tidlegare år.

Henting av borna av andre enn foreldra, går fint utan at de gir beskjed så lenge det er nokon barna kjenner. Har de noko som ikkje skal hente borna så gjr beskjed om det.

Gymsal – bruk. Måndag frie aktivitetar, torsdag styrt aktivitet.

Potetchips . Vi satt poteter i mai og skal haustast no i september. Borna skal få laga potetchips.

Påmelding til høstferien. Sender ut påmelding på onsdag 03.09.25. Svarfrist 12.9

Ref:

Asle Jermund Ones